

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 23/2003

Møtedato: 26.3.03

Arkiv nr:

## VALDRES UTMARKSKONTOR

Etablering av Valdres utmarkskontor er eit resultat av konklusjonane i eit forprosjekt drive fram av Viken Skogeierforening og Valdres Næringsutvikling.

Forprosjektet konkluderte med at det burde etablerast eit servicekontor for utmarksutvikling i Valdres. Forprosjektet vart finansiert av BU-midlar, Viken Skogeierforening og Valdres Næringsutvikling.

Valdres utmarkskontor skal vera eit støtteapparat for grunneigarar, utmarkslag og sameiger til utvikling og drift av utmarksressursane i Valdres. Oppgåver kan vera hjelp til produktutvikling, hjelp i faglege spørsmål, formidling/koordinering av oppsynstenester, formidle spisskompetanse innanfor ulike fagområde, koordinator og rådgjevar ved offentleg planlegging m.m.

Prosjektet har gjeve følgjande konklusjon om prosjektet:

*"Ein oppretter eit eige aksjeselskap der både skogeigarorganisasjonar, grunneigarlag, sameigar, organisasjonar, bedrifter, og einskilde personar kan teikne aksjar. Styringa av selskapet kan regulerast ved hjelp av eigarposisjon eller aksjonæravtaler. Selskapet vert tilført starthjelp gjennom eit større utmarksprosjekt i Valdres. Det må arbeidast målretta mot ei sjølvfinansiering innan for eksempel 5 år. Utmarkskontoret skal ha formelle nettverk mot Prevista og andre konsulentmiljø som bidreg med spisskompetanse, mot næringsavdelinga og mot andre relevante institusjonar (for eksempel VaNu og miljøet på Løken). Kontoret kan gjerne vere ein del av næringsshagen på Fagernes og derigjennom få drahjelp. Her sit mykje annan kompetanse som kan bidra med viktige støttefunksjonar. Eksemplar kan vere jurist, rekneskap, revisjonar, utviklingskompetanse og brei datakompetanse. Skogbruksleiarsfunksjonen er ein annan viktig instans som må knyttast nært opp mot kontoret."*

Kontoret skal drivast etter sjølvkostprinsippet over for eigarane. Aksjonæranne kan ikkje forvente å ta ut utbytte. "Utbytte" reknar ein med kan koma gjennom billege tenester og kompetanseoppbygging som vert skapt gjennom selskapet.

Grunneigarar, grunneigarlag, sameiger, fjellstyra, kommunane i Valdres, regionrådet og interesseorganisasjonar som bondelaget og Viken skog er invitert til å kjøpe aksjar. Det er skissert at fjellstyret kjøper 5 aksjar á kr 5000 med ein overkurs på 10 %, til saman kr 27.500 . Aksjekapitalen ved stifting er skissert til kr 500.000 og skal utvidast til kr 600.000 i løpet av to år.

Fjellstyret har tidlegare drøfta om eventuell støtte skal gjevast som kjøp av aksjar eller ved tilskot. Leiinga for prosjektet "Valdres utmarkskontor" ser det som ynskjeleg at ein går inn med aksjekapital i staden for å gi tilskot. Det er sikra prosjektmidlar til drift av prosjektet, men desse midlane kan ikkje nyttast til aksjekapital.

## VEDTAK:

Fjellstyret kjøper 5 aksjar i Valdres utmarkskontor.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 27.03.03.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Prosjekt "Valdres utmarkskontor"